
Saksnr: 2021/5942-1
Saksbehandlar: Janne Lisen Ringdal Strøm
Dato: 23.02.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland

I dette notatet orienterar fylkesdirektør for opplæring og kompetanse om prosessen med å utarbeide ein plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Bakgrunnen er at dei tidlegare fylkeskommunane har hatt ulike måtar å organisere, gje spesialpedagogisk tilbod og tildele ressursar til elevar og lærlingar/lærekandidatar. I Hordaland har mykje av ressursane vore knytt til grupper medan i Sogn og Fjordane har ressursane følgd eleven. Organisering av elevar i eigne HT tilbod har ikkje vore praktisert i Sogn og Fjordane. For å etablere ein felles praksis i i vidaregåande opplæring i Vestland vert det arbeidd med ein heilskapleg plan for arbeidet. Planen skal ha mål for inntak av elevar med rett til spesialundervisning, organisering av opplæringa, strategi for tilpassa opplæring for alle elevar samt ein felles ressurstilordelingsmodell.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse orienterte i hovudutvalet sitt møte 14.01.2021 om det faglege og rettslege grunnlaget for tilpassa opplæring/spesialundervisning. Presentasjonen frå møtet ligg ved notatet (vedlegg).

Fylkesdirektøren har sett saman ei intern arbeidsgruppe i fylkesadministrasjonen som har fått ansvar for å utarbeide planen og sikre framdrift, struktur og avgrensingar. Gruppen består av:

- Kenth Rune Teigen Måren, seksjonsleiar kvalitet i opplæringa
- Hillevi Runshaug, områdeleiar Bergen nord
- Janne Lisen Ringdal Strøm, fagleiar kvalitetstrygging
- Laila Ulvestad, seniorrådgjevar seksjon kvalitet inntak og sluttvurdering.

Det er også sett saman ei referansegruppe som har fellesmøte med arbeidsgruppa anna kvar veke. Gruppen gir innspel til innhald i planen, gir tilbakemeldingar og bidreg med merknader til utkast, struktur og tiltak. Gruppen er samansett av:

- Liv Horvei, rektor ved Mo- og Øyrane vgs.
- Idar Kløvning, avdelingsleiar ved Nordahl Grieg vgs,
- Vidar Tufteland, rektor ved Osterøy vgs
- Kari Spilsberg, assisterande rektor, Stend vgs skole
- Magne O. Espelid, leiar rettleiingstenesta, Bergen Nord
- Frode Grøtnebø, leiar rettleiingstenesta, Indre Sogn og Voss
- Line Brudvik Myhr, avdelingsleiar Osterøy vgs

I tillegg til referansegruppa vil ein ut frå tema som vert diskutert i planen vil ein søke informasjon og kunnskap frå skular og kompetansemiljø.

Det er eit mål at eit utkast til planen skal vere ferdig innan 1. mai slik at den kan sendast ut på høyring i sektoren for å sikre brei medverknad. Det er ønskje om ei brei involvering frå skular, opplæringskontor, interesseorganisasjonar og fagorganisasjonar. Planen vert sendt ut i slutten av

mai med h yringsfrist 1. august. H yringsinnspela vil vere sentrale og ligge til grunn n r planen skal ferdigstillast og leggast fram for eit politisk vedtak.

Den politiske vedtaksprosessen:

- 01.09.2021 R det for menneske med nedsett funksjonsevne
- 08.09.2021 Hovudutvalet Oppl ring og kompetanse
- 15.09.2021 Vestland ungdomsutval
- 21.09.2021 Fylkesutvalet
- 15. og 16.12.2021 Fylkestinget i Vestland